

Styresak

Går til: Styremedlemmer
Selskap: Helse Vest RHF
Dato skriven: 15.04.2005
Sakshandsamar: Terje Arne Krokvik
Saka gjeld: **Presisering av aktivitetsføresetnad i budsjett 2005**

Sak nr. 42/05 B

Styremøte 25.04. 2005

1. Innleiing

Styret i Helse Vest behandla i møtet den 2/2-05 sak 094/04 B Konsernbudsjett 2005 kor det blei gjort greie for aktivitetsføresetnaden som låg til grunn for dei budsjettvedtak som var gjort i helseføretaka. Denne aktivitetsveksten låg høgare enn føresetnaden i statsbudsjettet, som var på om lag same høge nivå som i 2004. På møtet den 15/3-05 under sak 32/05 B blei det fatta nytt vedtak om eit budsjettert resultat i balanse for 2005.

Aktivitetsføresetnaden som ligg til grunn for konsernbudsjettet kan oppsummerast i følgjande tabell:

Utvikling i DRG poeng	Stavanger	Fonna	Bergen	Førde	Bestilling Private	Sum HF og private
DRG poeng 2003	49 045	27 065	76 982	21 652	12 522	187 266
Prog 2004 oktober	50 525	26 740	79 000	21 285	12 773	190 323
Inntektramme 2005 = prog 2004 + 2%	51 536	27 275	80 580	21 711	13 028	194 129
Budsjettvedtak i helseføretaka	54 821	28 777	84 282	23 033	13 028	203 941
Vekst i %:						
Prognose 2004 vs faktisk 2003	3,0 %	-1,2 %	2,6 %	-1,7 %	2,0 %	1,6 %
Budsjettvedtak 2005 vs prognose 2004	8,5 %	7,6 %	6,7 %	8,2 %	2,0 %	7,2 %
Budsjettvedtak 2005 justert for 2 % indeksvekst	6,5 %	5,6 %	4,7 %	6,2 %	0,0 %	5,2 %

Ser ein budsjettert aktivitet opp mot den endelege produksjonen i 2004 blir bildet som følgjer:

Utvikling i DRG poeng	Stavanger	Fonna	Bergen	Førde	Bestilling Private	Sum HF og private
Budsjettvedtak 2005 vs faktisk produksjon 2004	6,5 %	6,9 %	7,4 %	9,1 %	2,0 %	6,9 %
Budsjettvedtak 2005 justert for 2 % indeksvekst	4,5 %	4,9 %	5,4 %	7,1 %	0,0 %	4,9 %

I budsjettvedtaket til sak 05/05 B blei det understreka at vekstføresetnaden var i overkant av den føresetnad som var lagt i statsbudsjettet. Vedtaket blei gjort med basis i at veksten i 2004 var noe lågare enn føresatt. Det blei samtidig understreka at det frå Helse Vest si side ikkje er akseptabelt å auke kostnadane (stillingar) for å nå denne produksjonen.

2. Kommentar

Helseføretaka har ein vanskelig situasjon i 2005. Budsjettsituasjonen er svært pressa, og det er ytterlegare krav om reduserte ventetider. Som ein del av fleire tiltak har føretaka også gjort vurderingar i høve til betre utnytting av kapasitet og muligheit for auka DRG produksjon. Det ligg inne føresetnad om vekst i dagkirurgi/dagbehandling på vel 10 % samanlikna mot 2004. Innan sjukehusopphald ligg det ei forventet vekst på 1,9 % samanlikna mot 2004.

Med basis i utviklinga for dei 2 første månadene kan det synast som om aktivitetsveksten som er lagt til grunn i budsjett 2005 er for ambisiøs. Akkumulert pr. februar er det ein aktivitetssvikt målt i DRG poeng på 7 % i høve til budsjett og 2,5 % målt mot tilsvarende periode i fjor. Det har vært ein vekst i dagkirurgi/dagbehandlingar på 13 % mens sjukehusopphald har hatt ein nedgang på 2,8 % målt mot same periode i fjor. Helseføretaka melder om ein lågare DRG indeks for de første 2 månadene. Utviklinga må følgjes opp nærmare.

Med basis i dei indikasjonar ein har på aktivitetsveksten pr. februar og den føresetnad om ligg til grunn i statsbudsjettet for 2005, vil administrasjonen tilrå at aktivitetsføresetnaden for Helse Vest samla sett blir på om lag same høge nivå som 2004 med tillegg for 2 % vekst i kodinga. Administrasjonen må saman med helseføretaka gjennomgå aktivitetsutviklinga som samla sett må ligge innafor den vekstføresetnad som er lagt til grunn i statsbudsjettet 2005.

Balansekravet for 2005 står fast og det vil som følgje av at helseføretaka har eit lågare aktivitetsnivå enn føresett i budsjetta vere nødvendig å justere budsjetta samt tiltaksplan for å nå eit samla resultat i balanse. På møtet i juni vil administrasjonen legge fram eit justert budsjett for 2005 i tråd med vedtak i sak 32/05 B Justert konsernbudsjett 2005.

Forslag til vedtak:

1. Den samla DRG aktivitet for 2005 blir fastsett til om lag same høge nivå som i 2004 med tillegg for 2 % vekst i koding.
2. Balansekravet for 2005 blir oppretthaldt. Justert konsernbudsjett for 2005 i tråd med vedtak i sak 32/05 B justert konsernbudsjett 2005 blir lagt fram i styremøte i juni.